

Saksprotokoll i fellesnemnda - 18.09.2019

Anne-Beth Njærheim (V) sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt:

Det bør vurderast differensiering av godtgjersle til telefon og breiband. For medlem av fylkesutvalet og gruppeleiarane bør det vurderast anna kompensasjon enn for menig fylkestingsmedlem.»

Røysting

Det var 22 representantar til stades.

Prosjektleiar si innstilling vart samrøystes vedteke.
Njærheim sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fellesnemnda sluttar seg til dei rutinar, retningslinjer og reglement for folkevalde som ligg vedlagt saka.

Det bør vurderast differensiering av godtgjersle til telefon og breiband. For medlem av fylkesutvalet og gruppeleiarane bør det vurderast anna kompensasjon enn for menig fylkestingsmedlem.